



INNLANDET FYLKESKOMMUNE
post@innlandetfylke.no

Vår ref	Dykkar ref	Saksbehandler	Dato
2024/17-4		Kristin Haave	30.08.2024

Høyringsuttale frå Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal - framtidig skule- og tilbodsstruktur

Representantskapet i Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal behandla sak om framtidig skule- og tilbodsstruktur som sak PS 2024/54 den 23.08.24. Høyringsfrist: 31.08.24.

Høyringsuttale:

Nord-Gudbrandsdal Interkommunalt politisk råd (heretter NGDIPR) har forståing for at skulestrukturen er ein krevjande sak, men meiner at nedlegging av skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal vil bidra til ein negativ spiral og vil ha store innverknader på framtidig utvikling av Nord-Gudbrandsdal. Vi ber om at fylkeskommunen opprettheld og styrkar skuletilboden i Nord-Gudbrandsdal.

Vi ynskjer å minne fylkeskommunen om at dei skal arbeide for levande lokalsamfunn. Da må dei samfunnsmessige overordna perspektiva takast med i reknestykket og ikkje berre skuleøkonomien og reisekostnadene. Det er ikkje Innlandet fylkeskommune si rolle å bidra til ytterlegare sentralisering, men legge til rette for busetjing og levande lokalsamfunn i heile Innlandet. Det er ikkje tvil om at eit redusert skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal vil redusere attraktiviteten til området, gjøre oss sårbarere og bidra til forsterking av den negative demografiske utviklinga på sikt.

1. Innlandet fylkeskommune må bidra til levande og attraktive lokalsamfunn gjennom å bevare kompetansearbeidsplassar

I innlandet fylkeskommune sin Innlandsstrategi legg dei vekt på FNs sitt bærekraftsmål 11. *Det handlar om å gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, slik at mennesker kan leve gode liv og utvikle seg økonomisk og sosialt (FN, 2022).*

Og Innlandet fylkeskommune har som langsigkt mål:

"For å realisere eventyrlige muligheter i Innlandet legges følgende til grunn:

- *bærekraftig ressursforvaltning som gir utvikling og nye arbeidsplasser*
- *levende lokalsamfunn med bærekraftige byer, tettsteder og bygder*

- *at aktører i fylket vårt får større nasjonal betydning og synlighet"*

Kommunane i Nord-Gudbrandsdal arbeider aktivt for å stabilisere befolkningsutviklinga ved å skape bulyst og attraktive levende lokalsamfunn. Bustadar og arbeidsplassar er vesentlege for å lykkast med dette (telemarksforskninga). Innlandet ligg svært lågt på lønnstatistikk og utdanningsstatistikken i Norge, og kompetansearbeidsplassar er ein viktig faktor for at arbeidsmarknaden skal være attraktiv.

Gjennom å redusere talet på skulestader og linjer fjernar Innlandet fylkeskommune viktige kompetansearbeidsplassar i Nord-Gudbrandsdal.

NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune gjennom sin skulestruktur å bidra med kompetansearbeidsplassar i distriktskommunane og på denne måten i større grad bidra til å realisere sitt eiga langsigktige mål med levande lokalsamfunn.

2. Innlandet fylkeskommune må bidra til utvikling av næringslivet gjennom å vidareutvikle bygg og anleggslinja i Nord-Gudbrandsdal og behalde/utvikle matfag/reiseliv

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling Lom har i dag fagutdanning innanfor bygg og anlegg. Bygg og anleggsbransjen er den nest største bransjen i Nord-Gudbrandsdal, etter landbruk, med 369 verksamder. Trenden har vore svært aukande dei siste 20 åra. (ref. innlandstatistikk). I eit lesarinnlegg tidlegare i vinter understreka denne næringa mangelen på arbeidskraft og kor viktig bygg og anleggslinja er for rekruttering, særleg med tanke på læringar.

Innspela i medverknadskonferansane gjennomført i denne prosessen understreka også at bygg og anleggsfag har eit stort framtidig behov

Riksantikvaren sendte 30.04.24 ut ein Handverksstrategi på høyring. I strategien legg dei vekt på at handverket skal løftast og at det er eit stort behov for kompetente handverkarar, der dei ynskjer å arbeide for at fleire vel tradisjonshandverk som yrkesveg. Dei dreg fram utdannings og opplæringstilbod som ei viktig satsing for å lykkast med å ta vare på tradisjonshandverket. Innlandet fylkeskommune bør arbeide aktivt og legge til rette for å få fleire ungdommar til velje denne fagretninga.

Mange av elevane som startar på bygg og anlegg i Nord-Gudbrandsdal reiser vidare til blant anna anleggsteknikk på Solør. Det kan være naturlig å sjå på moglegheita for å opprette ei anleggslinje i Nord-Gudbrandsdal med den sterke bygg og anleggsbransje som er i området i dag.

Innlandet fylkeskommune er eit reiselivsfylke og lokalmat knytt til reiselivet er tydeleg i strategiane både hjå statsforvaltaren, fylkeskommunen og regeringa gjennom "Matnasjonen Norge". Bransjen og faglege instansar legg vekt på utfordringane med rekruttering. Nord-Gudbrandsdal, Valdres og Nord Østerdalen er tre sterke regionar innanfor landbruk, reiseliv og lokalmat, og i alle tre regionane har Innlandet fylkeskommune foreslått å redusere fagtilbodet innanfor mat og reiseliv. Innlandet fylkeskommune burde legge til rette for ei auka satsing på desse fagområda i distriktsregionane og utvikla gode løysingar i samarbeid mellom skule og næringsliv.

NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune til å styrke bygg og anleggslinja i Nord-Gudbrandsdal i staden for å redusere den, gjennom å sjå på opprettning av nye tilbod knytt til anlegg.

Vi ynskjer at Innlandet fylkeskommune kan sjå på korleis dei kan behalde og styrke matfag og reiseliv gjennom tettare samarbeid med næringslivet med skulestad Otta.

3. Innlandet fylkeskommune må bidra aktivt for "barnets beste" og reduksjon av fysisk og psykisk uhelse og utanforskap, gjennom å redusere behovet for pendling og redusere behovet for å flytte på hybel

Viktigheita av å gjennomføre vidaregåande skule blir stadig større. Fråfall frå utdanning og arbeidsliv blir forbunde med auka risiko for dårlegare levekår og helseplagar. Annakvar elev som ikkje fullfører og består vidaregåande opplæring blir avhengig av langvarige offentlege yttingar.

Berekningar viser at det kostar NAV 12–13 millionar kroner om ein skoleungdom ikkje fullfører skolen og blir gåande på trygd hele livet. Ifølje berekningar frå Ipsos MMI, kunne samfunnet spart 5,4 milliardar i året dersom fråfallet i vidaregåande ble redusert med ein tredjedel.

Andelen av befolkninga med vidaregåande opplæring eller fagskule som høgaste fullførte utdanning har vore relativt stabil på rundt 40%. Men det er færre elevar som fullfører dette opplæringsnivået i Norge, samanlikna med andre OECD land. Innlandet ligg under snittet for Norge.

Utan tett oppfølging frå heimen og skulesystemet er sjanske større for at elevar fell frå.

I saksframlegget står det at "*Andelen elever i videregående skole som mottar skoleskyss i Innlandet fylke overstiger 50%, og dette er den høyeste andelen blant alle fylkene i Norge*". Nedlegging av tilbod i Nord-Gudbrandsdal vil auke antalet ungdommar som må pendle. I innlandstrategien har Innlandet fylkeskommune ein langsiktig strategi: "*for å omstille oss til et lavutslippsamfunn er det sentralt å redusere behovet for transport så mye som mulig*".

Dette er ikkje i tråd med dei foreslegne endringane i skulestrukturen.

Forskning viser at elever som reiser med bil eller buss til skulen har dårligare helse enn elever som går eller sykler. Det er påvist ein klar samanheng mellom bruk av skoleskyss og nedsatt balanse og bevegelighet i rygg og hofter i artikkelen "Skoleskyss svekker barns helse" (TØI).

I innlandstrategien blir det skreve; *Levende byer, tettsteder og bygder der innbyggerne trives og har tilhørighet har betydning for helse og livskvalitet. Service-, velferds- og kultur- og fritidstilbud i nærmiljøet betyr mye for den enkeltes livskvalitet. Utfordringene fremover er å utjevne forskjellene og bidra til at innbyggerne trives og har det godt i alle deler av fylket.*

Ungdom mellom 16 og 18 år er viktige for frivilligheita og næringsliv i små lokalsamfunn som Nord-Gudbrandsdal består av. Dei er ressurspersonar både som brukarar og deltakarar innanfor kultur og fritidstilbod, samtidig som dei ofte deltek som deltidsarbeidskraft. Dei er sjølve aktive, bidreg som trenarar for yngre aldersgrupper og er synlege forbilder. Ungdommar med lengre pendlarveg eller på hybel får mindre kapasitet eller blir heilt borte frå lokalsamfunnet, og dette kan redusere tilboden for yngre aldersgrupper og dermed redusere attraktiviteten i lokalsamfunna.

NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune til å legge til rette for ei brei fagvifte og skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal for å redusere behovet for pendling og at ungdommane må flytte ut frå bygda på hybel allereie som 15-16 åringar. Det vil være mogleg å sjå på fordeling av ulike fag og klassar mellom Nord-Gudbrandsdal og Vinstra vidaregåande skule for å oppretthalde ein sterk desentralisert struktur, der det samfunnsøkonomiske perspektivet og attraktive lokal samfunn og levande bygder står i fokus.

Alternative opplæringsmodellar

I ein situasjon med elevtalsnedgang og endringar i skule- og tilbodsstrukturen, ser ein for seg at det kan bli behov for alternative opplæringsmodeller i fleire regionar.

Nord-Gudbrandsdal ønsker å etablere pilotar og forsøksordningar som utfordrar dagens rammer for vidaregåande opplæring.

Modell 2 beskrive i høyringsdokumentet.

IPR Nord-Gudbrandsdal anbefaler at modell 2 blir utvikla og gjeven tilbod om som eit søkbart tilbod ved fleire skular og i fleire lærefag enn i dag.

Etablering av Nettskole i Innlandet fylkeskommune

IPR Nord-Gudbrandsdal støttar forslag om at Innlandet fylkeskommune etablerer ein nettskule som eit supplement til den ordinære undervisninga i skulen.

Elevane må som utgangspunkt vera på skulen når dei får fjernundervisning, slik at elevane får tett oppfølging og eit godt fysisk og psykososialt skolemiljø.

Etablering av ein egen nettskule vil styrke moglegheita for å utvikle alternative opplæringsmodellar innanfor yrkesfag.

Nettskule vil bidra til at elevar på mindre skular vil få fleire valfrie programfag å velgje blant. Det blir anbefalt særleg å starte opp med tilbod innanfor realfag.

Det er naturleg å sjå for seg at lærarar i nettskulen blir rekruttert frå dei vidaregåande skulene.

IPR Nord-Gudbrandsdal foreslår at det blir etablert ein nettskule for Innlandet som er fagleg og administrativt samordna med Karrieresenteret Gudbrandsdal. Karrieresenteret på Otta har lang erfaring med nettbasert undervisning og tilgjengeleg moderne teknisk infrastruktur.

Samarbeid skule – vaksenopplæring

Idéen bak etableringa av opplærings- og utdanningssenteret OPUS i Nord-Gudbrandsdal i 1995 var at ein skulle bruke ressursane i den vidaregåande skulen som plattform for tilbod til vaksne. Skal vår region ha forutsetningar for å få same breidde og kvalitet på dei vaksnes læring som øvrige regionar i Innlandet, må Karriere Gudbrandsdal kunne støtte seg på og samhandle med ein lærestad med dei ressursane og infrastrukturen vi har ved avdeling Otta i dag.

Svekkes Otta, svekkes forutsetninga for dei vaksne si læring i norddalen. Otta har vist seg å vere best tilgjengeleg for vaksne elevar frå heile regionen og Frons-kommunane, og det har ikkje vore nokon konflikt om lokalisering. Ekstra vellykka var høgskuletilbod innan lærarutdanning, sjukepleieutdanning og databehandling i samarbeid med høgskular på Hamar, Gjøvik og Rena. Dette dekka eit stort behov i regionen. Det gode samarbeidet om vaksenopplæring fortsett med Karriere Innlandet Gudbrandsdal, og frå hausten blir det på nytt eit høgskuletilbod i sjukepleie. Tilboden har 43 søkjrarar, noko som viser eit stort behov.

Med venleg helsing

Kristin Haave
Konst.dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk og sendes uten signatur.

Saksprotokoll med saksutgreiing

Arkivreferanse: 2024/17-3

Saksbehandlar: Harald Sve Bjørndal

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2024/5	23.08.2024	Representantskapet for Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal

Høyringsuttale - framtidig skule- og tilbodsstruktur - høyringsfrist 31.08.24

Sak om framtidig skule- og tilbodsstruktur og alternative opplæringsmodeller i Innlandet fylkeskommune vart sendt ut på offentleg høyring den 02.05.24 med høyringsfrist 31.08.24.

Saksframlegg med vedlegg ligg på fylkeskommunas heimesider:

<https://innlandetfylke.no/tjenester/skole-og-utdanning/opplaring-skole/vare-skoler/ny-skole-og-tilbudsstruktur/>

Regionstyret rår Representantskapet til å gje slik høyringsuttale:

Nord-Gudbrandsdal Interkommunalt politisk råd (heretter NGDIPR) har forståing for at skulestrukturen er ein krevjande sak, men meiner at nedlegging av skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal vil bidra til ein negativ spiral og vil ha store innverknader på framtidig utvikling av Nord-Gudbrandsdal. Vi ber om at fylkeskommunen opprettheld og styrkar skuletilbodet i Nord-Gudbrandsdal.

Vi ynskjer å minne fylkeskommunen om at dei skal arbeide for levande lokalsamfunn. Da må dei samfunnsmessige overordna perspektiva takast med i reknestykket og ikkje berre skuleøkonomien og reisekostnadene. Det er ikkje Innlandet fylkeskommune si rolle å bidra til ytterlegare sentralisering, men legge til rette for busetting og levande lokalsamfunn i heile Innlandet. Det er ikkje tvil om at eit redusert skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal vil redusere attraktiviteten til området, gjere oss sårbarere og bidra til forsterking av den negative demografiske utviklinga på sikt.

- 1. Innlandet fylkeskommune må bidra til levande og attraktive lokalsamfunn gjennom å bevare kompetansearbeidsplassar**

I innlandet fylkeskommune sin Innlandsstrategi legg dei vekt på FNs sitt bærekraftsmål 11. *Det handlar om å gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, slik at mennesker kan leve gode liv og utvikle seg økonomisk og sosialt (FN, 2022).*

Og Innlandet fylkeskommune har som langsiktig mål:

"For å realisere eventyrlige muligheter i Innlandet legges følgende til grunn:

- *bærekraftig ressursforvaltning som gir utvikling og nye arbeidsplasser*
- *levende lokalsamfunn med bærekraftige byer, tettsteder og bygder*
- *at aktører i fylket vårt får større nasjonal betydning og synlighet"*

Kommunane i Nord-Gudbrandsdal arbeider aktivt for å stabilisere befolkningsutviklinga ved å skape bulyst og attraktive levende lokalsamfunn. Bustadar og arbeidsplassar er vesentlege for å lykkast med dette (telemarksforskninga). Innlandet ligg svært lågt på lønnstatistikk og utdanningsstatistikken i Norge, og kompetansearbeidspassar er ein viktig faktor for at arbeidsmarknaden skal være attraktiv.

Gjennom å redusere talet på skulestadar og linjer fjernar Innlandet fylkeskommune viktige kompetansearbeidspassar i Nord-Gudbrandsdal.

[NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune gjennom sin skulestruktur å bidra med kompetansearbeidspassar i distriktskommunane og på denne måten i større grad bidra til å realisere sitt eiga langsiktige mål med levande lokalsamfunn.](#)

2. Innlandet fylkeskommune må bidra til utvikling av næringslivet gjennom å vidareutvikle bygg og anleggslinja i Nord-Gudbrandsdal og behalde/utvikle matfag/reiseliv

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling Lom har i dag fagutdanning innanfor bygg og anlegg. Bygg og anleggsbransjen er den nest største bransjen i Nord-Gudbrandsdal, etter landbruk, med 369 verksemder. Trenden har vore svært aukande dei siste 20 åra. (ref. innlandstatistikk). I eit lesarinnlegg tidlegare i vinter understreka denne næringa mangelen på arbeidskraft og kor viktig bygg og anleggslinja er for rekruttering, særleg med tanke på læringar.

Innspela i medverknadskonferansane gjennomført i denne prosessen understreka også at bygg og anleggsfag har eit stort framtidig behov

Riksantikvaren sendte 30.04.24 ut ein Handverksstrategi på høyring. I strategien legg dei vekt på at handverket skal løftast og at det er eit stort behov for kompetente handverkarar, der dei ynskjer å arbeide for at fleire vel tradisjonshandverk som yrkesveg. Dei dreg fram utdannings og opplæringstilbod som ei viktig satsing for å lykkast med å ta vare på tradisjonshandverket. Innlandet fylkeskommune bør arbeide aktivt og leggje til rette for å få fleire ungdommar til velje denne fagretninga.

Mange av elevane som startar på bygg og anlegg i Nord-Gudbrandsdal reiser vidare til blant anna anleggsteknikk på Solør. Det kan være naturlig å sjå på moglegheita for å opprette ei anleggslinje i Nord-Gudbrandsdal med den sterke bygg og anleggsbransje som er i området i dag.

Innlandet fylkeskommune er eit reiselivsfylke og lokalmat knytt til reiselivet er tydeleg i strategiane både hjå statsforvaltaren, fylkeskommunen og regjeringa gjennom "Matnasjonen Norge". Bransjen og faglege instansar legg vekt på utfordringane med rekruttering. Nord-Gudbrandsdal, Valdres og Nord Østerdalen er tre sterke regionar innanfor landbruk, reiseliv og lokalmat, og i alle tre regionane har Innlandet fylkeskommune foreslått å redusere fagtilbodet innanfor mat og reiseliv. Innlandet fylkeskommune burde legge til rette for ei auka satsing på desse fagområda i distriktsregionane og utvikla gode løysingar i samarbeid mellom skule og næringsliv.

[NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune til å styrke bygg og anleggslinja i Nord-Gudbrandsdal i staden for å redusere den, gjennom å sjå på oppretting av nye tilbod knytt til anlegg.](#)

[Vi ynskjer at Innlandet fylkeskommune kan sjå på korleis dei kan behalde og styrke matfag og reiseliv gjennom tettare samarbeid med næringslivet med skulestad i Nord-Gudbrandsdal ut frå fagmiljøet ved den vidaregåande skulen på Otta.](#)

3. Innlandet fylkeskommune må bidra aktivt for "barnets beste" og reduksjon av fysisk og psykisk uhelse og utanforskap, gjennom å redusere behovet for pendling og redusere behovet for å flytte på hybel

Viktigheita av å gjennomføre vidaregåande skule blir stadig større. Fråfall frå utdanning og arbeidsliv blir forbunde med auka risiko for dårligare levekår og helseplagar. Annakvar elev som ikkje fullfører og består vidaregåande opplæring blir avhengig av langvarige offentlege ytingar.

Berekningar viser at det kostar NAV 12–13 millionar kroner om ein skoleungdom ikkje fullfører skolen og blir gåande på trygd hele livet. Ifølje berekningar frå Ipsos MMI, kunne samfunnet spart 5,4 milliardar i året dersom fråfallet i vidaregåande ble redusert med ein tredjedel.

Andelen av befolkninga med vidaregåande opplæring eller fagskule som høgaste fullførte utdanning har vore relativt stabil på rundt 40%. Men det er færre elevar som fullfører dette opplæringsnivået i Norge, samanlikna med andre OECD land. Innlandet ligg under snittet for Norge.

Utan tett oppfølging frå heimen og skulesystemet er sjanske større for at elevar fell frå.

I saksframlegget står det at "*Andelen elever i videregående skole som mottar skoleskyss i Innlandet fylke overstiger 50 %, og dette er den høyeste andelen blant alle fylkene i Norge*". Nedlegging av tilbod i Nord-Gudbrandsdal vil auke antalet ungdommar som må pendle. I innlandstrategien har Innlandet fylkeskommune ein langsiktig strategi: "*for å omstille oss til et lavutslippsamfunn er det sentralt å redusere behovet for transport så mye som mulig*".

Dette er ikkje i tråd med dei foreslegne endringane i skulestrukturen.

Forskning viser at elever som reiser med bil eller buss til skulen har dårligare helse enn elever som går eller sykler. Det er påvist ein klar samanheng mellom bruk av skoleskyss og nedsatt balanse og bevegelighet i rygg og hofter i artikkelen "Skoleskyss svekker barns helse" (TØI).

I innlandstrategien blir det skreve; *Levende byer, tettsteder og bygder der innbyggerne trives og har tilhørighet har betydning for helse og livskvalitet. Service-, velferds- og kultur- og fritidstilbud i*

nærmiljøet betyr mye for den enkeltes livskvalitet. Utfordringene fremover er å utjevne forskjellene og bidra til at innbyggerne trives og har det godt i alle deler av fylket.

Ungdom mellom 16 og 18 år er viktige for frivilligheita og næringsliv i små lokalsamfunn som Nord-Gudbrandsdal består av. Dei er ressurspersonar både som brukarar og deltakarar innanfor kultur og fritidstilbod, samtidig som dei ofte deltek som deltidsarbeidskraft. Dei er sjølve aktive, bidreg som trenarar for yngre aldersgrupper og er synlege forbilder. Ungdommar med lengre pendlarveg eller på hybel får mindre kapasitet eller blir heilt borte frå lokalsamfunnet, og dette kan redusere tilbodet for yngre aldersgrupper og dermed redusere attraktiviteten i lokalsamfunna.

NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune til å leggje til rette for ei brei fagvifte og skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal for å redusere behovet for pendling og at ungdommane må flytte ut frå bygda på hybel allereie som 15-16 åringar. Det vil være mogleg å sjå på fordeling av ulike fag og klassar mellom Nord-Gudbrandsdal og Vinstra vidaregåande skule for å oppretthalde ein sterk desentralisert struktur, der det samfunnsøkonomiske perspektivet og attraktive lokal samfunn og levande bygder står i fokus.

Behandling i Representantskapet 23.08.24:

Etter voting med resultat 14 mot 3 stemmer vart det vedteke at det skal vera ei felles høyringsuttale frå regionen.

Magne Vorkinn, Dovre fremma følgjande endringsforslag:

Endre 3. avsnitt på s. 3 til:

Vi ynskjer at Innlandet fylkeskommune kan sjå på korleis dei kan behalde og styrke matfag og reiseliv gjennom tettare samarbeid med næringslivet med skulestad Otta.

Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Monica Håskjold Eide, Sel fremma følgjande endringsforslag:

Endre 3. avsnitt på s. 2 til:

Gjennom å redusere talet på utdanningsprogram fjernar Innlandet fylkeskommune viktige kompetansearbeidsplassar i Nord-Gudbrandsdal.

Endringsforslaget fell med 10 mot 7 stemmer.

Endre overskrifta i pkt. 3 til:

Innlandet fylkeskommune må bidra aktivt for best mulig tilbud til elevene.

Endringsforslaget fell med 14 mot 3 stemmer.

Stryke siste del i høringsforslaget frå og med avsnittet "I saksframlegget står det at O.S.V.....

Endringsforslaget fell med 14 mot 3 stemmer.

Eldri Siem, Sel, fremma følgjande tilleggsforslag:

Alternative opplæringsmodeller

I en situasjon med elevtallsnedgang og endringer i skole- og tilbudsstrukturen, ser man for seg at det kan bli behov for alternative opplæringsmodeller i flere regioner.

Nord-Gudbrandsdal ønsker å etablere piloter og forsøksordninger som utfordrer dagens rammer for videregående opplæring.

Tilleggsforslaget vart samråystes vedteke.

Modell 2 beskrevet i høringsdokumentet.

IPR Nord-Gudbrandsdal anbefaler at modell 2 utvikles og tilbys som et søkbart tilbud ved flere skoler og i flere lærefag enn i dag.

Tilleggsforslaget vart vedteke med 12 mot 5 stemmer.

Etablering av Nettskole i Innlandet fylkeskommune

IPR Nord-Gudbrandsdal støtter forslag om at Innlandet fylkeskommune etablerer en nettskole som et supplement til den ordinære undervisningen i skolen.

Elevene må som utgangspunkt være på skolen når de får fjernundervisning, slik at elevene får tett oppfølging og et godt fysisk og psykososialt skolemiljø.

Etablering av en egen nettskole vil styrke muligheten for å utvikle alternative opplæringsmodeller innenfor yrkesfag.

Nettskole vil bidra til at elever på mindre skoler vil få flere valgfrie programfag å velge blant. Det anbefales særlig å starte opp med tilbud innenfor realfag.

Det er naturlig å se for seg at lærere i nettskolen rekrutteres fra de videregående skolene.

IPR Nord-Gudbrandsdal foreslår at det etableres en nettskole for Innlandet som er faglig og administrativ samlokalisert med Karrieresenteret Gudbrandsdal. Karrieresenteret på Otta har lang erfaring med nettbasert undervisning og tilgjengelig moderne teknisk infrastruktur.

Tilleggsforslaget vart vedteke med 13 mot 4 stemmer.

Kristen Haugen Dagsgard, Skjåk fremma følgjande endringsforslag:

Endre 6. avsnitt til:

IPR Nord-Gudbrandsdal foreslår at det etableres en nettskole for Innlandet som er faglig og administrativt samordna med Karrieresenteret Gudbrandsdal. Karrieresenteret på Otta har lang erfaring med nettbasert undervisning og tilgjengelig moderne teknisk infrastruktur.

Endringsforslaget vart samråystes vedteke.

Samarbeid skole – voksenopplæring

Idéen bak etableringa av opplærings- og utdanningssenteret OPUS i Nord-Gudbrandsdal i 1995 var at man skulle bruke ressursene i den videregående skolen som plattform for tilbud til voksne. Skal vår region ha forutsetninger for å få samme bredde og kvalitet på voksne læring som øvrige regioner i Innlandet, må Karriere Gudbrandsdal kunne støtte seg på og samhandle med et lærested med de ressursene og infrastrukturen vi har ved avdeling Otta i dag. Svekkes Otta, svekkes forutsetningen for voksne læring i norddalene. Otta har vist seg å være best tilgjengelig for voksne elever fra hele regionen og Frons-kommunene, og det har ikke vært noen konflikt om lokalisering. Ekstra vellykket var høgskoletilbud innen lærerutdanning, sykepleierutdanning og databehandling i samarbeid med høgskoler på Hamar, Gjøvik og Rena. Dette dekket et stort behov i regionen. Det gode samarbeidet om voksenopplæring fortsetter med Karriere Innlandet Gudbrandsdal, og fra høsten blir det på nytt et høgskoletilbud i sykepleie. Tilbuddet har 43 søker, noe som viser et stort behov.

Tilleggsforslaget vart vedteke med 13 mot 4 stemmer.

Otta er regionsenteret

Otta er regionsenteret i Nord-Gudbrandsdalen, og Sel kommune er vertskommune for mange regionale tjenester. I handlingsplanen for arbeidet med å styrke Otta som regionsenter 2022– 2025 er det understreket behovet for «Et allsidig skoletilbud for videregående utdanning, voksenopplæring og desentralisert fagskole, høyskole- og universitetsutdanning». Flere av dagens fylkespolitikere har uttrykt en ambisjon om å satse på regionsentrene, og derfor forventer vi at det følges opp med praktisk politikk, og at fylkeskommunen har en tydelig tilstedeværelse i regionsenteret.

Tilleggsforslaget fell med 13 mot 4 stemmer.

Vedtak - Representantskapet 23.08.24:

Representantskapet for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal gjev følgjande høyringsuttale i saken om framtidig skule- og tilbodsstruktur:

Nord-Gudbrandsdal Interkommunalt politisk råd (heretter NGDIPR) har forståing for at skulestrukturen er ein krevjande sak, men meiner at nedlegging av skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal vil bidra til ein negativ spiral og vil ha store innverknader på framtidig utvikling av Nord-Gudbrandsdal. Vi ber om at fylkeskommunen opprettheld og styrkar skuletilbodet i Nord-Gudbrandsdal.

Vi ynskjer å minne fylkeskommunen om at dei skal arbeide for levande lokalsamfunn. Da må dei samfunnsmessige overordna perspektiva takast med i reknestykket og ikkje berre skuleøkonomien og reisekostnadene. Det er ikkje Innlandet fylkeskommune si rolle å bidra til ytterlegare sentralisering, men legge til rette for busetjing og levande lokalsamfunn i heile Innlandet. Det er ikkje tvil om at eit redusert skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal vil redusere attraktiviteten til området, gjere oss sårbar og bidra til forsterking av den negative demografiske utviklinga på sikt.

1. Innlandet fylkeskommune må bidra til levande og attraktive lokalsamfunn gjennom å bevare kompetansearbeidsplassar

I innlandet fylkeskommune sin Innlandsstrategi legg dei vekt på FNs sitt bærekraftsmål 11. *Det handlar om å gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, slik at mennesker kan leve gode liv og utvikle seg økonomisk og sosialt (FN, 2022).*

Og Innlandet fylkeskommune har som langsiktig mål:

"For å realisere eventyrlige muligheter i Innlandet legges følgende til grunn:

- *bærekraftig ressursforvaltning som gir utvikling og nye arbeidsplasser*
- *levende lokalsamfunn med bærekraftige byer, tettsteder og bygder*
- *at aktører i fylket vårt får større nasjonal betydning og synlighet"*

Kommunane i Nord-Gudbrandsdal arbeider aktivt for å stabilisere befolkningsutviklinga ved å skape bulyst og attraktive levende lokalsamfunn. Bustadar og arbeidsplassar er vesentlege for å lykkast med dette (telemarksforskninga). Innlandet ligg svært lågt på lønnstatistikk og utdanningsstatistikken i Norge, og kompetansearbeidsplassar er ein viktig faktor for at arbeidsmarknaden skal være attraktiv.

Gjennom å redusere talet på skulestader og linjer fjernar Innlandet fylkeskommune viktige kompetansearbeidsplassar i Nord-Gudbrandsdal.

NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune gjennom sin skulestruktur å bidra med kompetansearbeidsplassar i distriktskommunane og på denne måten i større grad bidra til å realisere sitt eiga langsiktige mål med levande lokalsamfunn.

2. Innlandet fylkeskommune må bidra til utvikling av næringslivet gjennom å vidareutvikle bygg og anleggslinja i Nord-Gudbrandsdal og behalde/utvikle matfag/reiseliv

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avdeling Lom har i dag fagutdanning innanfor bygg og anlegg. Bygg og anleggsbransjen er den nest største bransjen i Nord-Gudbrandsdal, etter landbruk, med 369 verksemder. Trenden har vore svært aukande dei siste 20 åra. (ref. innlandstatistikk). I eit lesarinnlegg tidlegare i vinter understreka denne næringa mangelen på arbeidskraft og kor viktig bygg og anleggslinja er for rekruttering, særleg med tanke på læringar.

Innspela i medverknadskonferansane gjennomført i denne prosessen understreka også at bygg og anleggsfag har eit stort framtidig behov

Riksantikvaren sendte 30.04.24 ut ein Handverksstrategi på høyring. I strategien legg dei vekt på at handverket skal løftast og at det er eit stort behov for kompetente handverkarar, der dei ynskjer å arbeide for at fleire vel tradisjonshandverk som yrkesveg. Dei dreg fram utdannings og opplæringstilbod som ei viktig satsing for å lykkast med å ta vare på tradisjonshandverket. Innlandet fylkeskommune bør arbeide aktivt og leggje til rette for å få fleire ungdommar til velje denne fagretninga.

Mange av elevane som startar på bygg og anlegg i Nord-Gudbrandsdal reiser vidare til blant anna anleggsteknikk på Solør. Det kan være naturlig å sjå på moglegheita for å opprette ei anleggslinje i Nord-Gudbrandsdal med den sterke bygg og anleggsbransje som er i området i dag.

Innlandet fylkeskommune er eit reiselivsfylke og lokalmat knytt til reiselivet er tydeleg i strategiane både hjå statsforvaltaren, fylkeskommunen og regjeringa gjennom "Matnasjonen Norge". Bransjen og faglege instansar legg vekt på utfordringane med rekruttering. Nord-Gudbrandsdal, Valdres og Nord Østerdalen er tre sterke regionar innanfor landbruk, reiseliv og lokalmat, og i alle tre regionane har Innlandet fylkeskommune foreslått å redusere fagtilbodet innanfor mat og reiseliv. Innlandet fylkeskommune burde legge til rette for ei auka satsing på desse fagområda i distriktsregionane og utvikla gode løysingar i samarbeid mellom skule og næringsliv.

NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune til å styrke bygg og anleggslinja i Nord-Gudbrandsdal i staden for å redusere den, gjennom å sjå på opprettning av nye tilbod knytt til anlegg.

Vi ynskjer at Innlandet fylkeskommune kan sjå på korleis dei kan behalde og styrke matfag og reiseliv gjennom tettare samarbeid med næringslivet med skulestad Otta.

3. Innlandet fylkeskommune må bidra aktivt for "barnets beste" og reduksjon av fysisk og psykisk uhelse og utanforskap, gjennom å redusere behovet for pendling og redusere behovet for å flytte på hybel

Viktigheita av å gjennomføre vidaregåande skule blir stadig større. Fråfall frå utdanning og arbeidsliv blir forbunde med auka risiko for dårlegare levekår og helseplagar. Annakvar elev som ikkje fullfører og består vidaregåande opplæring blir avhengig av langvarige offentlege ytingar.

Berekningar viser at det kostar NAV 12–13 millionar kroner om ein skoleungdom ikkje fullfører skolen og blir gåande på trygd hele livet. Ifølje berekningar frå Ipsos MMI, kunne samfunnet spart 5,4 milliardar i året dersom fråfallet i vidaregåande ble redusert med ein tredjedel.

Andelen av befolkninga med vidaregåande opplæring eller fagskule som høgaste fullførte utdanning har vore relativt stabil på rundt 40%. Men det er færre elevar som fullfører dette

opplæringsnivået i Norge, samanlikna med andre OECD land. Innlandet ligg under snittet for Norge.

Utan tett oppfølging frå heimen og skulesystemet er sjansane større for at elevar fell frå.

I saksframlegget står det at "*Andelen elever i videregående skole som mottar skoleskyss i Innlandet fylke overstiger 50 %, og dette er den høyeste andelen blant alle fylkene i Norge*". Nedlegging av tilbod i Nord-Gudbrandsdal vil auke antalet ungdommar som må pendle. I innlandstrategien har Innlandet fylkeskommune ein langsiktig strategi: "*for å omstille oss til et lavutslippsamfunn er det sentralt å redusere behovet for transport så mye som mulig*".

Dette er ikkje i tråd med dei foreslegne endringane i skulestrukturen.

Forskning viser at elever som reiser med bil eller buss til skulen har dårligare helse enn elever som går eller sykler. Det er påvist ein klar samanheng mellom bruk av skoleskyss og nedsatt balanse og bevegelighet i rygg og hofter i artikkelen "Skoleskyss svekker barns helse" (TØI).

I innlandstrategien blir det skreve; *Levende byer, tettsteder og bygder der innbyggerne trives og har tilhørighet har betydning for helse og livskvalitet. Service-, velferds- og kultur- og fritidstilbud i nærmiljøet betyr mye for den enkeltes livskvalitet. Utfordringene fremover er å utjewe forskjellene og bidra til at innbyggerne trives og har det godt i alle deler av fylket.*

Ungdom mellom 16 og 18 år er viktige for frivilligheita og næringsliv i små lokalsamfunn som Nord-Gudbrandsdal består av. Dei er ressurspersonar både som brukarar og deltakarar innanfor kultur og fritidstilbod, samtidig som dei ofte deltek som deltsarbeidskraft. Dei er sjølv aktive, bidreg som trenarar for yngre aldersgrupper og er synlege forbilder.

Ungdommar med lengre pendlarveg eller på hybel får mindre kapasitet eller blir heilt borte frå lokalsamfunnet, og dette kan redusere tilboden for yngre aldersgrupper og dermed redusere attraktiviteten i lokalsamfunna.

NGDIPR oppfordrar Innlandet fylkeskommune til å leggje til rette for ei brei fagvifte og skuletilbod i Nord-Gudbrandsdal for å redusere behovet for pendling og at ungdommane må flytte ut frå bygda på hybel allereie som 15-16 åringar. Det vil være mogleg å sjå på fordeling av ulike fag og klassar mellom Nord-Gudbrandsdal og Vinstra vidaregåande skule for å oppretthalde ein sterk desentralisert struktur, der det samfunnsøkonomiske perspektivet og attraktive lokal samfunn og levande bygder står i fokus.

Alternative opplæringsmodellar

I ein situasjon med elevtallsnedgang og endringar i skule- og tilbodsstrukturen, ser ein for seg at det kan bli behov for alternative opplæringsmodeller i flerie regionar.

Nord-Gudbrandsdal ønsker å etablere pilotar og forsøksordningar som utfordrar dagens rammer for vidaregåande opplæring.

Modell 2 beskrive i høyringsdokumentet.

IPR Nord-Gudbrandsdal anbefaler at modell 2 blir utvikla og gjeven tilbod om som eit søkbart tilbod ved fleire skular og i fleire lærefag enn i dag.

Etablering av Nettskole i Innlandet fylkeskommune

IPR Nord-Gudbrandsdal støttar forslag om at Innlandet fylkeskommune etablerer ein nettskule som eit supplement til den ordinære undervisninga i skulen.

Elevane må som utgangspunkt vera på skulen når dei får fjernundervisning, slik at elevane får tett oppfølging og eit godt fysisk og psykososialt skolemiljø.

Etablering av ein egen nettskule vil styrke moglegheita for å utvikle alternative opplæringsmodellar innanfor yrkesfag.

Nettskule vil bidra til at elevar på mindre skular vil få fleire valfrie programfag å velgje blant. Det blir anbefalt særleg å starte opp med tilbod innanfor realfag.

Det er naturleg å sjå for seg at lærarar i nettskulen blir rekruttert frå dei vidaregåande skulene.

IPR Nord-Gudbrandsdal foreslår at det blir etablert ein nettskule for Innlandet som er fagleg og administrativt samordna med Karrieresenteret Gudbrandsdal. Karrieresenteret på Otta har lang erfaring med nettbasert undervisning og tilgjengeleg moderne teknisk infrastruktur.

Samarbeid skule – vaksenopplæring

Idéen bak etableringa av opplærings- og utdanningssenteret OPUS i Nord-Gudbrandsdal i 1995 var at ein skulle bruke ressursane i den vidaregåande skulen som plattform for tilbod til vaksne. Skal vår region ha forutsetningar for å få same breidde og kvalitet på dei vaksnes læring som øvrige regionar i Innlandet, må Karriere Gudbrandsdal kunne støtte seg på og samhandle med ein lærestad med dei ressursane og infrastrukturen vi har ved avdeling Otta i dag.

Svekkes Otta, svekkes forutsetninga for dei vaksne si læring i norddalene. Otta har vist seg å vere best tilgjengeleg for vaksne elevar frå heile regionen og Frons-kommunane, og det har ikkje vore nokon konflikt om lokalisering. Ekstra vellykka var høgskuletilbod innan lærarutdanning, sjukepleieutdanning og databehandling i samarbeid med høgskular på Hamar, Gjøvik og Rena. Dette dekka eit stort behov i regionen. Det gode samarbeidet om vaksenopplæring fortsett med Karriere Innlandet Gudbrandsdal, og frå hausten blir det på nytt eit høgskuletilbod i sjukepleie. Tilboden har 43 søkjavarar, noko som viser eit stort behov.